



Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/926 - 15/7108

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

10.04.2015

## Søknad om bygging av landbruksveg på Eikeland, Gnr.42 bnr. 1.

Meland kommune har motteke søknad frå Oddvar Eikeland om å få byggje ein landbruksveg på til saman 130 meter. Av dette er 50 meter ombygging av ein allereie eksisterande landbruksveg, medan 80 meter er nyanlegg. Deler av vegen har vore omsøkt og innvilga tidligare, men grunna lang handsamingstid hjå jordskifteretten har denne godkjenninga no gått ut.

Bygging av vegen vil vere eit viktig tiltak for å sikre ein rasjonell drift på bruket då den vil lette transport og køyring til og frå jordbruksareala uavhengig av veret. Ny veg vil lette på produksjon av eige fór og gjere drifta mindre avhengig av leigejord. Vegen vil også lette på transport til og frå bruket, i dag er det ikkje alltid mogelig å få dyretransport opp til driftsbygging. Å få dyretransport opp til bruket uavhengig av vær og føreforhold vil spare omlasting av dyr. For transport av tømmer er det i dag ikkje mogleg å få tømmerbil med hengar opp til bruket, for køyring av tømmer er ein nødt til å nytte kipp-køyning mellom bruk og lunneplass som kan ta fult vogntog. Moglegheita for å få tømmerbil med hengar opp til bruket vil bety store økonomiske innsparingar pr. kubikk virke som skal transporterast.

Kommunen ynskjer å klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden, før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune for evaluering, vedlagt er kart over planlagt vegtrase og over område.

**Tiltak: Bygging av landbruksveg på 130 meter, kor 80 meter er nyanlegg og 50 meter ombygging av eksisterande veg.**

**Bnr./bnr: 42/1**

**Kommune: 1256 Meland**

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

skog- og miljøkonsulent

**Vedlegg:**  
kart

**Kopi til:**

Oddvar Eikeland

Eikelandsvegen 5917  
191

ROSSLAND

**Mottakere:**

Hordaland Fylkeskommune  
v/Kultur- og idrettsavdelinga